

## Handlingsplan Gjermundnes vgs. 2021 - 2023

Handlingsplanen er utarbeidd med utgangspunkt i

- **Fylkestrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal for perioden 2021-2025**
- **Oppdragsavtale for Gjermundnes vidaregåande skule for skoleåra 2021-22 og 2022-23**

Skolen vil i handlingsplanperioden ha særskild fokus på følgjande fokusområde:

### Fokusområde 1:

**Vidareutvikling av vurderingspraksis som fremmar sjølvfølelse, lærelyst og læring, gjennom arbeid med læringsfremmande prinsipp og kjenneteikn på god undervisning og opplæring, i tråd med endra vurderingsforskrift.**

#### Tiltak:

- Vurdering med og utan karakter skal vere tema på minst to fellesmøte gjennom skuleåret
- Årshjul for vurderingsarbeidet utarbeida av skuleeigar er kjent og vert følgd av lærarar og leiing.
- Undervegsvurdering utan karakter skal gjennomførast og dokumenterast i samsvar med krav og forventingar i forskrift til opplæringslova. Dette gjeld om utvikling i fag, om sosial og anna utvikling og om utvikling i orden og åtferd.
- Konkretisere for elevane kva som ligg i omgrepa som vert nytta i samband med undervegsvurdering utan karakter. Utarbeide eit felles omgrepsforståing
- Styrke/auke eigenvurderinga med meir fokus på forankring i yrket. Vurderingspraksisen må vere en del av yrkeslæringa.
- Jobbe saman med variasjon av vurderingspraksis:
  - Bruke kvarandre som eksterne sensorar i vurderingssituasjonar (utveksling av kompetanse og praksis, som aukar læring og kvalitet på arbeidet)
  - Prøve ut vurderingsmetoder på tvers av fag. (Deling av materiale, felles dokument, ressursbank, møter)
  - Meir bruk av 1. - 2. utkast m. framovermelding som hovudfokus
  - Gi elevane oppgåver som fører til meistring.
  - Konstruktive tilbakemeldingar, ofte.

### Fokusområde 2:

#### **Implementering av nytt læreplanverk og VIS**

#### Tiltak:

- Gjennomføre opplæringsmodulane på det nye læreplanverket frå Udir er gjennomført med dei tilsette ved skulen
- Arrangere fagmøte om erfaringar knytt til implementering av ny læreplan.
- Opplæringsmodulane i VIS frå skuleeigar vert følgd av leiing og tilsette som har dei aktuelle emna som sitt ansvarsfelt.
- Intern kursing i spesifikke tema i VIS vert gjennomført i fellesmøte gjennom skuleåret.
- Få på plass bilete i VIS-klasselistene ved første moglege høve.
- Superbruker/instruktørar tilgjengeleg for pedagogisk personell.

### Fokusområde 3:

**Mål for gjennomføring er over 80 % gjennomføring for skoleåret 2021-22**

#### Tiltak:

- Skulen har etablert eiga avdeling for spesialpedagogikk. Dette er med å kvalitetssikrar oppfølginga og med det arbeidet for å auke gjennomstrøyminga
- Skulen har fokus på utarbeiding av gode individuelle opplæringsplaner for elevar som har trong for dette.
- FYR – (yrkesretting av fellesfaga) er sentralt i å auke gjennomføringa. Skulen har etablert strukturar for dette arbeidet. Dette strukturarbeidet må følgast opp.
- Skulen gjer seg nytte av den rike opplæringsarenaen vi har til rådvelde for å motivere til høgare gjennomføring
- Arbeid med god vurderingspraksis legg til rette for meistring og med det auka gjennomføring
- Arbeid for å fremje godt læringsmiljø og god trivsel vil også auke gjennomføringa. Forhold som påverkar dette er:
  - elevinnvolvering gjennom å legge til rette for elevrådet sitt arbeid, etablering av skulemiljøutval og deltaking i skuleutvalet. Legge til rette for samarbeid med elevombodet i fylket og med elevorganisasjonen.
  - Ha eit aktivt og godt fungerande «Innsatsteam mot mobbing», og aktivt følgje opp forhold som vert løfta fram i samsvar med fylket sine retningslinjer for dette.
- Skulen legg stor vekt på å ha eit godt og konstruktivt samarbeid med PPT, Helsesøster og OT koordinator.
- Må vurdere mindre elevgrupper i fellesfaga der det er trong for dette (2-lærer ordning)
- Utvikle samarbeidet mellom skule og internat på område som
  - Informasjonsutveksling omkring elevar som treng oppfølging
  - Vekking om morgonen
  - Leksehjelp
- Skulen må i god tid før haustferien forsøke å fange opp og avklare elevar som har lav motivasjon, skulevegning og/eller andre utfordringar som kan medføre avbrot av skuleåret – kanskje ved å opprette fokusgruppe til dette formålet?

## Fokusområde 4:

### Utvikling av samarbeid med lokale og regionale aktørar i næringslivet.

#### Tiltak:

- Utplasseringa av elevar frå skulen i industrien i skulen sitt nærmiljø må vidareutviklast gjennom tett samarbeid mellom skule og industri.
  - Ha lengre samanhengande praksisperiodar ved utplassering.
  - Invitere bedrifter til å besøke oss og informere elevane.
  - Inkludere fellesfag med lokale aktørar gjennom felles prosjekt.
  - Auke faga sin relevans ved å kople til arbeidslivet.
- Skulen skal vere medlem i Vestnes Næringsforum og gjennom det vere med å utvikle det lokale næringslivet saman med andre medlemsbedrifter.
- Skulen skal vere aktiv medlem i næringsorganisasjonane i landbruket der skulen er produsent
- Skulen skal samarbeide tett med Landbruk Nordvest og landbruket sine næringspolitiske organisasjonar
- Lokale og regionale næringsaktørar skal vere medlemmar i Skuleutvalet ved skulen.
- Skulen er ein aktuell samlingsstad for fag- og medlemsmøter i landbruksnæringa

Handsama i drøftingsmøte:

20.12.2021

Gjermundnes vgs  
28.12.2021  
Aadne Haarr  
Rektor